



www.g-kultur.no

Oslo, 20.9. 2016

Årets satsing 2017, lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar

Stiftinga G-Kultur har avsett særskilde midlar til «Årets satsing 2017». Tema for satsinga er lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar, og G-Kultur vil prioritere stønader i form av arbeidsstipend til utarbeiding av lokalhistoriske artiklar.

Nærare vilkår for stønad:

- Stønad blir gjeve til enkeltpersonar
- Maksimalt stønadsbeløp pr stipend er 10.000 kr. I tillegg kan det søkast eit mindre beløp til dekking av eventuelle reisekostnader,
- Stønad kan f.eks. brukast til dekking av kostnader med å ta fri frå arbeid, reise og opphald for å gjennomføre intervju, for å studere arkiv i inn- og utland og kopiering mm.
- Før stønaden frå G-Kultur kan utbetalast må prosjektet vere gjennomført og ha resultert i ein artikkel som er publisert eller som det er gjort avtale om publisering av.

Krav til søknad:

- Kva skal stønaden brukast til.
- Opplysningar om prosjekt søkjaren har gjennomført tidlegare.
- Opplysningar om artiklar/bøker søkjaren har skrive tidlegare.

Innsending av søknad og søknadsfrist:

Ein skal nytte det vanlege søknadsskjemaet som ligg på nettsida vår, www.g-kultur.no.

Søknadsfrist 1. februar 2017.

Kontakt for meir informasjon:

Knut Hovslien, styreleiar	knut.hovslien@online.no / 9719 5148
Kjell Austin, sekretær	kaustin@online.no / 4150 9460
Lars Ole Ørjasæter, kasserar	lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406

Stiftinga G-Kultur

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo, som vart nedlagt i 2013, og har som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.